

Kjære elev!

Vår ref.: gve

Dato: 29.07.26

VELKOMEN TIL NYTT SKULEÅR!

No gler vi oss til skulestart, og til å ta imot deg som elev ved Odda vidaregåande skule. Vi er glade for at du byrjar ved skulen vår, anten du er ny elev eller du gjekk her i fjor og skal halde fram. Vi ønskjer deg velkomen og ser fram til å møte deg **måndag 17. august**.

Vg1 elevane møter kl. 08.20.

Vg2 og Vg3 elevane møter kl. 09.15.

Frammøtestad er **aulaen i gymnasbygningen**.

Vi vonar du vil finne deg godt til rette saman med medelevar og tilsette ved skulen.

Både elevar og tilsette vil samarbeide for at skulen skal bli ein god og inkluderande stad å vere. Saman vil vi arbeide for at du får utvikle deg og lære, samstundes som vi vil sjå til at du trivst.

Vedlagt finn du ein del praktiske opplysningar i samband med skulestart. Viktig informasjon om dei ulike programområda finn du på skulen si heimeside.

For føresette til elevar på Vg1 vil det vere eit eige foreldremøte på kveldstid, onsdag 19. august.

Frammøte: Kl. 18.00 i aula i gymnasbygningen.

Her vil vi presentere alle skulens pedagogar og miljøfagarbeidarar. Etter fellesmøtet vil føresette møta kontaktlærar for meir informasjon. Invitasjon til møtet for føresette ligg ved.

Hybelbuarar vil bli inviterte til eige arrangement på skulen onsdag 26. august kl.15.00. Ta gjerne kontakt med skulen om du har spørsmål om hybel. Vi disponerer ikkje hyblar, men kan rettleie om kor du kan vende deg.

Vi ønskjer deg framleis ein god ferie og ser fram til å møte deg 17. august.
Ta gjerne kontakt viss det er noko du lurar på.

Velkomen!

Geir Veland
Rektor

PRAKTISKE OPPLYSNINGAR I SAMBAND MED SKULESTART

1. Første skuledag

Vg1 elevane møter kl. 08.20.

Vg2 og Vg3 elevane møter kl. 09.15.

Oppmøtestad er aulaen på gymnasbygget. Etter velkomsten i aulaen har kontaktlærer tid med elevane sine fram til lunsj. Etter lunsj følgjer elevane timeplanen med undervisning.

Ta med skrivesaker, eigen PC og nistepakke. Dei som har skulekort for buss må hugse å ta dette med seg. Nye oblat får ein på administrasjonskontoret.

2. Skulestart

Dei første skuledagane vil ein få informasjon om skulekvardagen. Vi vil klargjere kva for reglar som gjeld på skulen, og kva for forventningar vi har til deg.

Vi tek sikte på ein aktivitetsdag/turdag onsdag 26.8. Vi vil difor minne hybelbuarane om å ha med seg gode klede og sko til uteaktivitetar allereie første veka.

3. Læremiddel

Elevane vil få lærebøker på utlån. Skrivesaker, permar og naudsynt utstyr må elevane skaffe sjølve.

Alle elevane må ha eigen PC i undervisninga. Vi viser til informasjon på Vestland Fylkeskommune sine sider angående elev-pc: <https://www.vestlandfylke.no/utdanning-og-karriere/elev/elevpc/>

Vg2- og Vg3-elevane må hugse å ta med seg det nasjonale lånekortet dei fekk i Vg1 av biblioteket.

Alle får bokskap.

4. Skuletransport

Sjå [Skoleskyssbillett](#)

Søknadsskjema for skulereisekort blir levert ut første skuledag.

5. Søknad om stipend/lån 2026-2027

Alle elevar med ungdomsrett i vidaregåande opplæring kan få utstyrsstipend:

[Videregående skole \(lanekassen.no\)](#)

Du må sjølv søkje om stipend, og du kan søkje først etter at du har fått skoleplass. Når du søker om stipend, vurderer Lånekassen om det er [andre typar stipend du har rett til](#).

Du finn meir informasjon om stipend og lån på lanekassen.no og på Lånekassen si side på [Facebook for deg på vidaregåande skole](#).

6. Skulefotografering og ID-kort

Torsdag 3. september er det fotografering. Desse bileta vil bli nytta i skulen si «Årbok», i skulen sitt administrative system og på elektronisk ID-kort. Last ned appen «It's Me ID» og logg inn med Feide-konto for å få tilgang til ID-kortet.

RETTE TIL SKULEPlass

Vi gjer merksam på at frammøte til rett tid første skuledag er ein føresetnad for å halde på skuleplassen din. Viss du ikkje møter, får ein søkjar som står på venteliste automatisk plassen din.

Rektor kan berre unntaksvis, og etter skriftleg søknad, gje elevar fritak frå frammøte ved skulestart.

Dersom du har spørsmål kan du ta kontakt med skulen på telefon **53 64 96 00** eller besøkje skulen, Yrkesskulebygningen.

Vel møtt måndag 17. august 2026.
Vi ønskjer deg lukke til med komande skuleår.

Til føresette

Dato: 29. juli 2026

VELKOMEN TIL INFORMASJONSMØTE

Odda vidaregåande skule ynskjer føresette til elevar på Vg1 velkomen til informasjonsmøte

Onsdag 19. august kl. 18.00

Frammøtestad: Aulaen i gymnasbygningen.

På møtet vil skuleleiinga orientera om skulen og samarbeidet mellom skule og heim. Til stades er også lærarar, miljøfagarbeidarar, miljøkoordinatorar, rådgjevar og leiinga.

Etter felles orientering i aulaen, vil det vera eigne møter i klassane, saman med kontaktlærarane.

Vel møtt!

Geir Veland
rektor